

Fra: Yngve Sylta <ysylta@hotmail.com>
Sendt: onsdag 6. juli 2022 19:55
Til: Postmottak Alver
Emne: Innspel til kommuneplanen
Vedlegg: Risnes krins - arealbruk - overlevert plan RK.docx; RKG_kart.pdf

Innspel til kommuneplan – Alver kommune.

I forbindelse med utarbeiding av ny kommuneplan for Alver sender vi vårt innspel, som blei utarbeida for Radøy kommune, og ber om at det vert tatt med til rullering av kommuneplan for Alver kommune.

Bakgrunn for å utarbeide dokumentet var Radøy kommune sitt ønske om rullering av plan og invitasjon til innbyggjarane fra 2014. Som følge av dette gjennomførte vi ein omfattande prosess med fellesmøter, gardsvise møter og synfaringar gjennom 2014 for å få fram kva tiltak som kunne vera aktuelle for å fremma utvikling og busetnad i krinsen.

Rapporten som kom ut av dette arbeidet er no fleire år gamal, men vi meiner at den i hovudsak framleis gjev eit godt bilde av situasjonen samt krinsen sine ønsker og tankar om aktivitet og arealbruk framover. Vi hadde ein god dialog med tidlegare Radøy kommune; og formannskapet var på vitjing i mai 2017 for å få orientering om planarbeidet og gjere seg bedre kjent i området. Vi synest det var flott at politikarane og administrativ leing tok seg tid til å vitje oss, lytte til og drøfte våre innspel til kommuneplanen.

På vårt årsmøte 11.mars 2020 hadde vi besøk av Tove Hagenes og Terje Villanger frå Alver kommune som gav oss ei god orientering om planarbeidet i Alver og svarte på spørsmål. Risneskrinsen har stor trong for auka aktivitet på mange plan. Først og fremst treng vi fastbuande nye innbyggjarar, men vi har også mange fritidsbustader som bidreg til å halde oppe servicetilbud som butikk og byggevarer i tillegg til verksemdar innafor bygg og anlegg.

Som sagt er det eit omfattande innspel og vanskeleg å lage ei kort oppsummering men vi har sett ned tre punkt som utmerkar seg og som vi vonar at kommunen kan bidra til.

- Kommunen fråfell krav om reguleringsplan for mindre bustadfelt og spredt bustadbygging.
- Det vert lagt til rette for tilgang til båt plassar og båthavner. Dette for å tiltrekke seg ungdom og andre som ønsker å etablere seg i området.
- Kommunen vurderer om ein kan gå inn og overta og utarbeide reguleringsplan for større tomteprosjekt.

Kort informasjon om grunneigarlaget:

Risnes krins grunneigarlag er ope for eigarar av landbrukseigedomar på gardane Rikstad, Innsylta, Utsylta, Risnes, Villanger og Rossnes. Dette omfattar arealet nord for Bø på vestsida av Radøy. Laget har no 33 medlemmer. Grunneigarlaget skal bidra til auka busetnad, utvikle næringar samt ivareta grunneigarane sine rettar innanfor jakt og fiske. Laget skal også vera ein pådrivar for å auke trivselen i bygda. Laget har som føremål å videreutvikle næringsgrunnlaget på utmark og innmark for medlemmane.

Det er mange attraktive områder i nye Alver kommune, men vi meiner at nettopp vår del av kommunen kan gje unike naturopplevingar spesielt knytta til sjø og friluftsliv. På same tid er vi innanfor

pendlaravstand til både Mongstad, Knarvik og delar av Bergen. Spesielt i desse tider med mykje bruk av heimekontor har vi fått mange nye naboar, men som enno ikkje har adresse i Alver. Vi vonar derfor at innspelet vert tatt omsyn til, og at forholda vert lagt til rette gjennom kommunens arealplan slik at det vert enklare å få til aktivitet i denne delen av Alver kommune.

Med venleg helsing
Risnes krins grunneigarlag
Yngve Sylta
leiar